

Omtale, trapp nordaust-hjørnet av Ostereidet kunstgrasbane

Tiltaket inngår i rehabilitering av Ostereidet kunstgrasbane. Trapp vart ikkje tatt med i opprinneleg søknad, då tiltaket var avhengig av ei politisk løyving som vart avklart etter at opprinneleg søknad vart sendt.

Trapp er svært ønskeleg då garderobar for fotballanlegget ligg i bassengbygget i nordre ende av parkeringsplass. Vidare går elevar frå skulen denne vegen til timar i kroppsøving på bana. Per i dag går alle via ein bratt og ofte fuktig fjellskrent med stor fare for fallulukker.

Arbeidet med trappa skal utførast av selskapet Bygg og eigedom vest AS, org nummer 818 679 262, som underleverandør til Nordhordland grunn og betong som har hovudentepriis på grunnarbeid og lysanlegg på anlegget.

Trapp er tenkt utført med 48X223 impregnert materiale og søyler av 4X4 impregnert materiale. Alle rapos og trinn vert i galvanisert stål med gitterform.

Rekkverk vert utført med liggande lekter.


Trinnbreidde vert 120 cm.

Merk følgande avvik frå illustrasjon;

- Trapp vert utført med lekter med 5 cm mellomrom for å unngå at barn kan falla mellom lektene.
- Talet søyler under rapos vert fire, ikkje to slik illustrasjon viser.

Underlag vert betongfundament på komprimerte steinmasser for søyler, utført av Nordhordland grunn og betong. Øvrige område under trapp får asfaltdekke.

Innfesting i øvre ende vert utført med rapo i galvanisert stål til støypt betongfundament.



Mvh Atle Vaage